

Kommunane i Møre og Romsdal

Vår ref.: 2014/4282- 12079/2015 - BVT      Dykker ref.:

Dato: 11.05.2015

## **Samhandlingsavtala er reforhandla - underskrift av partane**

Samhandlingsavtala mellom helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal vart reforhandla i perioda frå desember 2014 til mars 2015. Forslag til endringar og justeringar er omtalte i vedlagde sak som vart handsama i Overordna samhandlingsutval i møte 16. april.

Overordna samhandlingsorgan fatta dette samråysta vedtaket:

### **Sak 2015/09 Reforhandling og revidering av samhandlingsavtala mellom helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal**

#### Vedtak:

- 1) *Overordna samhandlingsutval i More og Romsdal (OSU) stiller seg bak forhandlingsutvalets vurderingar og anbefalingar med følgjande presiseringar:  
Usemjे knytt til forståing av delavtale 5A) formuleringar om tidsfrist ved rapportering av opplysningar frå sjukehuset til kommunane ved klargjering til utskriving sokas loyst i samsvar med samarbeidsavtala §8 «Ueinigheit – Twisteloysing om avtala sitt innhald.*

*Saka om usemje vert lagt fram for lokal twisteloysingsorgan. Dersom det ikkje vert semje i lokal twisteloysningsprogram vert saka sendt til Nasjonal tvisteorgan som eiga sak. Lokalt twisteloysningsorgan får slike representantar. 2 representantar frå helseføretaket, (Britt Valderhaug Tyrholm og Robert Giske). 2 representantar frå kommunane som skal utnemmas innan 04.05.15. 1 representant frå Brukarutvalet som vert utnemnt 04.05.15. OSU handsamar delavtale 5A som eiga sak når avklaring i lokalt evt. Nasjonalt tvisteorgan ligg fore.*

- 2) *Overordna samhandlingsutval gjer oppnemning av fagutval/arbeidsutval slik det går fram av delavtalene 9, 11 og 12 når kommunane har gitt si tilslutning til avtala.*
- 3) *OSU ber partane om at det vert avsett tid og ressursar til å gjer innhaldet avtala kjent blant sine tilsette*
- 4) *Samhandlingsavtalen gjeld frå 01.01.16 med avtaleperiode 2 år.*

Vedlagt følgjer den nye Samhandlingsavtala med 13 delavtalar (tidlegare omtala som vedlegg). Delavtale 5A inngår ikkje i denne oversendinga. Ein kjem attende til aktuell delavtale når saka er avgjort i tråd med samarbeidsavtala §8 «*Ueinigkeit – Twisteløysing om avtala sitt innhald*». Dei endringar som er anbefalt frå forhandlingsgruppa og Overordna samhandlingsutval går fram av OSU-sak 2015/09 vedlagt denne oversendinga.


Vi ber om at to underskrivne eksemplar av avtala, samt initialar på alle delavtalar, vert returnert til helseføretaket så snart kommunane har godkjent avtala. Eit eksemplar med underskrift av administrerande direktør i Helse Møre og Romsdal HF vil bli returnert til kommunane.

Vi ber om at avtala vert returnert til følgjande adresse:

Helse Møre og Romsdal HF  
postboks 1600,  
6026 Ålesund

På førehand takk!

Med vennleg helsing

  
Dag Håstad  
KST. Adm. direktør

  
Britt Valderhaug Tyrholm  
Samhandlingssjef

Vedlegg